

# Bømlo Symjehall

## Tiltak og plan for gradvis re-opning 15 juni 2020



Bade og symjeanlegg blei pålagt å stengja 12 mars 2020 som følgje av covid-19-forskrifta §14.

Myndighetane har gitt klarsignal for re-opning 15.06 dersom smittespreiinga ikkje aukar.

Det overordna målet ved gjenopning er å forhindra smittespreiing og uønska hendingar ved å iverksetja smitteverntiltak for besøkjande og tilsette.

Det vil alltid vera ein viss risiko for smitte. Med gode smiteverntiltak og godt samarbeid mellom dei tilsette og dei besøkjande, vil risikoen bli redusert betydeleg.

### **Overordna tiltak for å unngå smittespreiing**

- Sjuke personar skal ikkje oppsøkje symjehallen, verken besøkjande eller tilsette
- God hygiene – følg FHI sine råd om hoste og håndhygiene
- Redusert kontakt mellom personar – hugs 1 meter avstand – alltid!!

### **Ditt ansvar som besøkjande**

- Følg råd for smittevern
- Bruk handdesinfeksjon når du kjem og når du forlèt bygget, og vask hendene godt med såpe etter kvart toalettbesøk
- Sørg for å alltid ha 1 m avstand til andre (dette gjeld ikkje eigen familie)

- Følg an modning på skilt og informasjonsmateriell samt frå badevertane

### **Generelle tiltak i Bømlo symjehall**

- Det blir forsterka reinhald i symjehallen med stort fokus på berøringspunkt og overflater
- Det blir avgrensa til 60 besøkjande i symjehallen til ein kvar tid
- På tidspunkt med stor pågang vil besøkstida bli redusert til 1t bading, inn og ut av garderobe kjem i tillegg
- Det er tilgjengeleg handsprit ved inngang/utgang og ved billettluke
- Det er merka i golvet ved billettluke, ved vendekors og ved stupetårn for å sikre 1 m avstand
- Det blir regulert kor mange som kan vera i garderoben om gangen (maks 10 personar), og badevertane vil ha ei aktiv rolle i forhold til logistikk inn og ut av garderobane.
- Annankvar rad med skap i garderoben blir avlåst slik at ein på den måten sikrar avstand mellom dei besøkjande
- Dørene i dusjnisiene er fjerna for å redusere berøringspunkt, medan skilleveggene framleis er på plass
- Det blir kun tillat med to personar i badstuene om gangen. Alle SKAL sitja på eige handkle i badstua og ein kan opphalda seg der i inntil 15 min om gangen
- Benker og skap i garderobane blir vaska regelmessig. I tillegg vil overflatedesinfeksjon stå tilgjengeleg i garderoben slik at alle kan tørka over sin plass på benk og i skap etter bruk. Bruk tørkepapir og kast i bosset etter bruk.
- Hinderløypa blir ikkje teken i bruk
- Det blir ikkje mogleg å låne utstyr frå symjehallen. Masker, briller og mindre badeleiker kan takast med, men skal ikkje lånast vekk til andre. Det er sal av mindre dykkeleiker i badebutikken.
- Alle chiparmband blir vaska i klorvann mellom kvar gang dei har vore i bruk

### **Korleis skal du kjøpe billett og vita at du får plass i symjehallen**

Kjøp og sal av billettar blir som normalt, me brukar chiparmband (dette er svært viktig for at badevertane til ein kvar til skal ha kontroll på kor mange som er inne i anlegget). Dei som har årskort og klippekort brukar sine personlege chiparmband. Enkelt billettar/chiparmband som går i retur, blir desinfisert mellom kvart bruk.

Ved sal av enkeltbillettar, vil me etterspørja namn og tlf nummer slik at me har dette i tilfelle behov for smittesporing. Innpassasje med klippekort og årskort kan sporast i systemet

Me oppmodar om at alle nyttar vips og kort for å betale.

Me kan i oppstartsfasen ha 60 besøkjande inne i symjehallen til ei kvar tid. Antallet kan bli justert opp eller ned ut frå erfaringane me gjere undervegs. Det er diverre ikkje mogleg å reservera plass på forhand. Me vil så godt me kan oppdatere jamleg i sosiale media om det

er kø eller god plass. Me oppfordrar også om å ringe oss på tlf 908 03 867 dersom ein er usikker på kapasiteten på det aktuelle tidspunktet. Me vil i samarbeid med dåke gjera så godt me kan for å spreia besøkjande mest mogleg i heile opningstida

Dersom maks antall besøkjande er nådd, vil me setja fram eit synleg stengsel slik at heller ikkje besøkjande med årskort og klippekort kan gå inn. Henvend deg i billettluke slik at du blir registrert i ventekø, og får koma inn når det er din tur.

Me ber om forståing for at det kan bli litt venting i periodar.

Redusert badetid og oppfordring til dei besøkjande om å vera raske i garderobane er tiltak for å få god gjennomstrøyming av folk, og minst mogleg ventetid for alle.

### **Badebutikk og kiosk**

Du er velkommen til å handle i badebutikken og kiosken, men det er fint om du ikkje tar på meir enn det du ønskjer å sjå på. Oppfordrar deg og om å ha reine hender før du tar på varene.

Til slutt vil me ønskja deg hjarteleg velkommen!!

Me gler oss til å sjå deg att, og med godt samarbeid og god kommunikasjon, har me stor tru på at re-opninga skal gå fint!

Hugs at klor også er eit desinfiseringsmiddel 😊

